


SØKNAD OM ETABLERING AV LANDBASERT OPPDRETT PÅ LOKALITETEN DAUGSTAD III I VESTNES KOMMUNE



INNHALDSLISTE

VEDLEGG 1 – UTDJUPING AV SØKNAD

VEDLEGG 2 – PLANTEIKNING, KART OG SKISSER

VEDLEGG 3 – ANLEGGET

VEDLEGG 4 – AVLØP OG REINSING

VEDLEGG 5 – PRODUKSJONSPLAN

VEDLEGG 6 – FISKEHELSE OG VETERINÆRAVTALE

VEDLEGG 7 – BEREDSKAP, RISIKO OG IK-AKVA

VEDLEGG 8 – MILJØ

VEDLEGG 9 – STRAUMMÅLING

VEDLEGG 10 – PUNKUTSLIPPSUNDERSØKELSE

VEDLEGG 11 – MOM-B

VEDLEGG 12 – BETALING AKVAKULTURSØKNAD

VEDLEGG X – KOMMUNEPLANENS AREALDEL MED KU

Sætre Matfisk AS er eit havbruksselskap som er oppretta for å drive produksjon av post-smolt og slakteklar laksefisk på lokaliteten Daugstad III. Produksjonen skal skje på land og skal liggje ved side av anlegg som allereie har løyve til produksjon av settefisk på lokaliteten Daugstad I.

Det blir søkt om ein planlagt årleg produksjon på 3000 tonn av matfisk av laks, med eit årleg fôrforbruk på 3300 tonn. Anlegget skal driftast som eit gjennomstrøymingsanlegg. Produksjonsvatnet er sjøvatn frå Tresfjorden som skal filtrerast og UV behandlast. Anlegget skal bestå av 12 tankar som kvar skal romme ca. 20 000 matfisk og 12 tankar som kvar skal romme ca. 83 000 postsmolt. Utsleppsvatnet blir ført tilbake i Tresfjorden etter reinsing og avgassing. Anlegget skal byggast etter gjeldande lovverk om dyrevelferd. For meir informasjon om anlegget sjå vedlegg 3.

Det har vist seg at det er aukande behov for å flytte delar av fiskeproduksjonen i sjø opp på land. Det er fleire gode grunnar til å velje denne driftsmåten. Landbasert akvakultur opnar for betre kontroll på spreiding av sjukdom og parasittiske angrep. På grunn av fast installasjon og etablerte barrierar blir risikoen for rømming av laks betrakteleg redusert. Utsleppa frå produksjonen kan styrast kontrollert, og ein vil ved hjelp av reinsing ikkje få dei same spesifikke utsleppsmengdene ein ser i opne merdar i sjø med same biomasseproduksjon. Det vil ikkje være behov for bruk av same mengd medisinfôr og kjemikaliebruk som ein ser i opne merdar, og det vil ikkje risikere at det akkumulerer seg tungmetall frå impregneringsmiddel i nærmiljøet. Det er også verdt å nemne at sidan settefisk allereie blir produsert på nabotomta, vil smolten kunne transporterast på ein svært effektiv måte som reduserer stressresponsen og betre tek vare på fiskevelferda.

Sætre Matfisk AS er opptatt av å ivareta det marine miljøet i Tresfjorden og vi planlegg å trappe opp produksjonen i tre fasar. I første fase skal det produserast maks 960 tonn laks årleg på lokaliteten, andre fase 1920 tonn og tredje fase 2860 tonn. Under kvar produksjonsfase skal miljøet i Tresfjorden analyserast og følgjast opp. Før ei eventuell opptrapping skal miljødata frå fjordsystemet vurderast. Dette kan gjerast i samarbeid med miljømyndigheita. For meir utfyllande informasjon om miljø og overvaking sjå vedlegg 8.

Dersom ein ynskjer presiseringar, kan ein ta kontakt ved å ringe eller sende e-post til kontaktinformasjonen ein finn nedst på vedlegget.

Med venleg helsing
Bjørn-Vegard Løvik